

# Eksamen

22.11.2019

AMB2003 Ambulanseoperative emne /  
Ambulanseoperative emner

**Programområde:** Ambulansefag

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>I vurderinga vil det blir lagt vekt på at du</p> <ul style="list-style-type: none"><li>○ Kan beskrive korleis du vil løyse caseoppgåva og grunngir kvifor</li><li>○ Trekker inn aktuelle fagområder i grunngivinga</li><li>○ Viser innsikt og fagleg forståing</li><li>○ Nyttar korrekt fagterminologi</li><li>○ Ser heilskapen og samanhengen mellom teori og praksis</li><li>○ Har god struktur i eksamenssvaret</li></ul>
<b>Andre opplysningar</b>	<p>Ved bruk av PC, bruk font Arial, skriftstørrelse 12 og linjeavstand 1,5.</p> <p>Klargjering av uttrykk i spørsmålsformuleringa:</p> <p><u>Beskriv:</u> Gjengiving av eller forklaring på eit problemområde, situasjon eller fenomen.</p> <p><u>Gjer greie for:</u> Forklaring med eigne ord som viser forståing for det ein har lest/lært. Inneber ein viss grad av tolking som viser at kandidaten har gjort lærestoffet til sitt eige, og at dei synspunkta som vert sette fram vert grunngivne.</p>

## Situasjonsbeskriving

Det er november, 2 grader, overskya vêr.

Du skal ha dagvakt som lærling på ein ambulansestasjon med to døgnbilar. Du skal i dag køyre saman med din faste rettleiar og hennar faste makker. Begge har fagbrev og lokale godkjenningar for prosedyrar regulert av prosedyrehåndbok.

### Oppgåve 1

**Beskriv og begrunn korleis du vil førebu deg til vakta, og kva for oppgåver som skal eller bør gjerast i oppstart av vakta.**

#### Situasjonsbeskrivingen fortset:

Klokka 08.30 mottok de eit oppdrag, køyrekode Raud (kode 1).

Det vert meldt om ei ulykke på ein byggeplass for ei boligblokk. Delar av eit stillas har rasa saman under demontering. Noko av stillaset har falle ut i ein veg som passerar byggeplassen.

Det er meldt om 1 person som er skada, men det er ikkje full oversikt over dette ved mottak oppdrag.

De har ca. 5 minuttar køyretid og vil vere første eining framme. Brann og politi er venta å kome fram like etter. Neste ambulanse kan forventast ca. 5 minuttar etter dykk.

Helikopter er varsla på førehand, men avventar tilbakemelding før dei rykker ut. Flytid til skadestaden er ca. 30 minuttar.

Det er ca. 20 minuttar køyretid frå skadestaden til nærmaste sjukehus med traumemottak.

Når de kjem til skadestaden er det første de ser, som på bildet:



Foto: Arne Ristesund

(det er ingen reell sammenheng mellom bildet og situasjonsbeskrivinga)

De vert møtte av ein arbeidar som oppgir at det på andre sida av stillaset ligg ein kollega som har falle ned saman med stillaset. Ho vert no ivareteken av ein kollega. Ho er vaken no, men har vore bevisstlaus. Det vert angitt tydeleg feilstilling på det eine beinet og sår i ansiktet. Ho skal ha opphalde seg på nivå med 3. etasje då stillaset rasa.

## Oppgåve 2

**Gjer greie for kva operative og taktiske oppgåver/utfordringar de som ambulansearbeidarar har under dette oppdraget, og korleis de vil kunne løyse dette. Frå melding vert motteken til alt arbeid er avslutta og du er ledig til nye oppdrag.**

*Du bør blant anna ha med moment knytta til*

- eigensikkerheit, vurderingar og tiltak
- sambandsbruk og tilbakemeldingar
- ansvars- og arbeidsfordeling mellom helsepersonellet på staden
- ansvars- og arbeidsfordeling mellom naudetatene
- bruk av aktuelle prosedyrar

### **Situasjonsbeskrivinga fortset:**

Undervegs i oppdraget har du kjent på ei kjensle av å vere veldig stressa og uroleg. Du er i etterkant usikker på kva dette kjem av, sidan du har vore på krevande oppdrag utan å ha opplevd det like stressande som dette.

Etter oppdraget ber du derfor om at det vert gjennomført ei lokal debriefing.

### **Oppgåve 3**

**Beskriv kva som er hensikt og mål med gjennomføring av debriefing etter eit oppdrag som dette.**

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>I vurderingen vil det bli lagt vekt på at du</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kan beskrive hvordan du vil løse caseoppgaven og begrunner hvorfor</li><li>• Trekker inn aktuelle fagområder i begrunnelsen</li><li>• Viser innsikt og faglig forståelse</li><li>• Anvender korrekt fagterminologi</li><li>• Ser helheten og sammenhengen mellom teori og praksis</li><li>• Har god struktur i besvarelsen</li></ul>
<b>Andre opplysninger</b>	<p>Ved bruk av PC, bruk font Arial, skriftstørrelse 12 og linjeavstand 1,5</p> <p>Klargjøring av begreper i spørsmålsformuleringen:</p> <p><u>Beskriv</u>: Gjengivelse av, eller forklaring på et problemområde, situasjon eller fenomen.</p> <p><u>Gjør rede for</u>: Forklaring med egne ord som viser forståelse for det du har lest/lært. Innebærer en viss grad av tolkning som viser at du har gjort lærestoffet til ditt eget og at du begrunner synspunkter som framsettes.</p>

## Situasjonsbeskrivelse

Det er november, 2 grader, overskyet vær.

Du skal ha dagvakt som lærling på en ambulansestasjon hvor det er to døgnbiler. Du skal i dag kjøre sammen med din faste veileder og hennes faste makker. Begge har fagbrev og lokale godkjenninger for prosedyrer regulert av prosedyrehåndbok.

### Oppgave 1

**Beskriv og begrunn hvordan du vil forberede deg til vekten, og hvilke oppgaver som skal eller bør gjøres i oppstart av vekten.**

#### Situasjonsbeskrivelsen fortsetter:

Klokken 08.30 mottar dere et oppdrag, kjørekode Rød (kode 1).

Det meldes om en ulykke på en byggeplass for en boligblokk, hvor deler av et stillas har rast sammen i forbindelse med demontering. Noe av stillaset har falt ut i en vei som passerer byggeplassen.

Det er meldt om 1 person som er skadet, men det er ikke full oversikt over dette ved mottak oppdrag.

Dere har ca. 5 minutter kjøretid og vil være første enhet fremme. Brann og politi er ventet å ankomme like etter.

Neste ambulanset kan forventes ca. 5 minutter etter dere.

Helikopter er forhåndsvarslet, men avventer tilbakemelding før de rykker ut. Flytid til skadestedet er ca. 30 minutter.

Det er ca. 20 minutter kjøretid fra skadestedet til nærmeste sykehus med traumemottak.

Når dere ankommer skadestedet er det første dere ser, som på bildet:



Foto: Arne Ristesund

(det er ingen reell sammenheng mellom bildet og situasjonsbeskrivelsen)

Dere møtes av en arbeider som angir at det på andre siden av stillaset ligger en kollega som falt ned sammen med stillaset. Hun ivaretas nå av en kollega. Hun er våken nå, men har vært bevisstløs. Det angis tydelig feilstilling på det ene beinet og sår i ansiktet Hun skal ha oppholdt seg på nivå med 3. etasje da stillaset raste.

## Oppgave 2

**Gjør rede for hvilke operative og taktiske oppgaver/utfordringer dere som ambulansearbeidere har under dette oppdraget, og hvordan dere vil kunne løse dette. Fra melding mottas til alt arbeid er avsluttet og du er ledig til nye oppdrag.**

*Du bør blant annet ha med momenter knyttet til*

- egensikkerhet, vurderinger og tiltak
- sambandsbruk og tilbakemeldinger
- ansvars- og arbeidsfordeling mellom helsepersonellet på stedet
- ansvars- og arbeidsfordeling mellom nødetatene
- bruk av aktuelle prosedyrer




### **Situasjonsbeskrivelsen fortsetter:**

Underveis i oppdraget har du kjent på en opplevelse av å være veldig stresset og urolig. Du er i etterkant usikker på hva dette kommer av, siden du har vært på krevende oppdrag uten å ha opplevd det like stressende som dette.

Etter oppdraget ber du derfor om at det blir gjennomført en lokal debrifing.

### **Oppgave 3**

**Beskriv hva som er hensikt og mål med gjennomføring av debrifing etter et oppdrag som dette.**



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)